



## Møteprotokoll for Råd for eldre og funksjonshemma

**Møtedato:** 22.11.2021  
**Møtestad:** Brannstasjonen på Mo  
**Møtetid:** 11:00 - 13:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Anne Britt Almelid	SA	Nestleiar	
Inga Jorunn Nåmdal	SA	Utvalsleiar	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Linda Helen Lundekvam		Medlem	Meldt forfall

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann		
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	

## Sakliste

Saknr	Tittel
005/2021	Godkjenning av innkalling og sakliste
006/2021	Godkjenning av møteprotokoll
007/2021	Orienteringssaker
008/2021	Leve heile livet i Modalen - plandokumentet
009/2021	Budsjett og økonomiplan 2022 - 2025

**Notat frå møtet:**

005/2021: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:  
Samrøystes vedteke

Vedtak:  
Innkalling og sakliste vert godkjent

---

006/2021: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:  
Samrøystes vedteke

Vedtak:  
Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

---

007/2021: Orienteringssaker

Behandling:  
Ingen orienteringssaker

Vedtak:  
Sakene vert tekne til orientering

---

008/2021: Leve heile livet i Modalen - plandokumentet

Behandling:  
Samrøystes vedteke

Vedtak:

**Modalen kommune vedtek planen «Leve heile livet i Modalen» slik han ligg føre.**

---

009/2021: Budsjett og økonomiplan 2022 - 2025

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

**1 Modalen kommune sitt budsjett og økonomiplan 2022-2025 vert vedteke slik det ligg føre i tråd med budsjett og økonomiplandokumentet.**

**2 Eigedomsskatt 2022: For eigedomsskatteåret 2022 vert det skrive ut eigedomsskatt med heimel i eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c: «berre på kraftverk, vindkraftverk og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum».**

**Den alminnelege eigedomsskattesatsen i Modalen kommune er 7 promille, jfr eigedomsskattelova § 11 fyrste ledd.**

**Eigedomsskatten for 2022 forfell til betaling i 2 terminar: 31. mars og 30. september, jfr eigedomsskattelova § 25.**

**Klagenemnda for eigedomsskatt har kompetanse til å handsame klager etter § 19 i eigedomsskattelova, jfr § 20 i eigedomsskattelova.**

**Modalen kommune gjennomførte ny alminneleg taksering i 2019. Dette omfattar kraftnettet, då eigedomsskattegrunnlaget for kraftverk er likningsverdiar frå Skatteetaten.**

**3 Låneopptak frå Husbanken til vidareformidling vert fastsett til kr 1 500 000 for 2022. Lånet er heimla i kommunelova § 14-17 (Lån til vidare utlån). Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket og gjere val av vilkår.**

**4 Betalingssatsar for 2022 vert vedteke i tråd med vedlegget: Modalen kommune – betaling for kommunale tenester 2022.**

---